

# Til deg som har fått opptak til bachelor i Fornybar energi,

## Velkommen til oss !

Har du spørsmål om sjølve studiet før studiestart eller lurar du på korleis studentlivet i Sogndal er? Julie Benedikte vil gjerne hjelpe deg. Julie Benedikte er student på Fornybar energi og skal ta til i 3. klasse frå hausten. Du kan kontakte ho på mobil eller e-post.

**Julie Benedikte Lauritsen**

**Mobil: 97 12 0880 Epost: [Julie104@hotmail.no](mailto:Julie104@hotmail.no)**



## Me gler oss til å møta deg !

Som ny student ved Institutt for miljø- og naturvitskap er du velkommen til linjeforeininga (studentforening) YGGDRASIL. Her kan du lese meir om Yggdrasil:

## Gjekk frå to til 135 medlemmar på eitt år - Me prøver å skapa eit fellesskap



Maria Winger Delbekk, Tarjei Sundsil og Astrid Henriksen Eliassen har tatt Yggdrasil frå nedleggingstrua foreining til suksess.  
Foto: Kristin Forland

Studentforeininga var nesten nedlagd då dei tok over. No går styret av med ein stor medlemsmasse og ein solid buffer etter seg.

### + For abonnentar

– Første skuledag starta me med to medlemmar. Etter ein månad var me 103. No nærmar me oss 150 medlemmar, fortel Maria Winger Delbekk, kommunikasjonsansvarleg i linjeforeininga Yggdrasil.

Yggdrasil er ei av seks linjeforeingar i Sogndal, og samlar studentane frå fornybar energi, geologi og geofare, landskapsplanlegging, climate change og naturfag.

Det siste året har foreininga, som nærast låg brakk, hatt ein eksplosiv vekst. Dei er no oppe i 135 medlemmar og har akkurat valt nytt styre som skal ta over neste semester.



Det avtroppande styret i Yggdrasil er stolte over kva dei har fått til det siste året. F.v.: Miriam Malik Tøftum, Knut Dalseng Øverland, Maria Winger Delbekk, Tarjei Sundsl, Astrid Henriksen Eliassen og Simen Brattås Holte. Foto: Kristin Forland

Sogn Avis er ikkje åleine om å villa vita hemmelegheita bak medlemsveksten.

- Når eg i samband med denne saka har snakka med dei i studentsamskipnaden, er dei veldig nysgjerrige på kva hemmelegheita dykkar er.

- Astrid er stikkordet, kjem det frå Knut Dalseng Øverland, og viser til leiaren av foreininga Astrid Henriksen Eliassen.

- Det er veldig hyggjeleg å høyra, men me er ein god gjeng der alle er engasjerte og har lyst til å bidra, seier leiaren sjølv.

## Nedleggingstrua

- Me gjer alt som ei gruppe og me prøver å inkludera alle medlemmene, slik at me ikkje lagar eit skilje mellom oss i styret og dei andre medlemmane. Me prøver å skapa eit fellesskap, seier Eliassen.
- Og me visste kva me ville, seier økonomiansvarleg Miriam Malik Tøftum.
- Og kva var det?
- Frå eit økonomiperspektiv var det å få på plass ein solid medlemsmasse og å ha gode arrangement, slik at folk har lyst til å koma, seier ho.



- Du må få med slagordet vårt: hygga med yggja. Fv. Simen Brattås Holte, Miriam Malik Tøftum, Knut Dalseng Øverland, Maria Winger Delbekk, Astrid Henriksen Eliassen og Tarjei Sundslø. Foto: Kristin Forland

## Høgskulen

Ved slutten av førre skuleår såg det slettes ikkje ut som om det skulle bli eit kjempeår for Yggdrasil.

**Det var lite aktivitet og interesse for foreininga, og Maria, som då var ferdig med første året i Sogndal, fekk beskjed om at om ingen tok over, ville foreininga bli lagt ned.**

– Då sa eg at eg kunne gjerne gjera det og valde ut eit styre. Eg kjende dei alle frå før, så eg visste kva kvalitetar alle hadde.

Maria Winger Delbekk, som har hatt rolla som kommunikasjonsansvarleg, trur suksessen til foreininga viser at behovet og ønsket om ei linjeforeining var til stades.

– Eg trur folk har sakna tilhøyrse og nokon som arrangerer fagleg innhald som er ønska av studentane, og ikkje berre gjennom høgskulen, seier ho.



Jakob Stein Krokeide er rådgiver for studentliv for Sogndal og Førde i studentsamskipnaden Saman. Han gler seg til å fortsetja å jobba med det han kallar ein ivrig gjeng studentar. Foto: Kristin Forland